

annonse

40% på alle
glass
ved kjøp av brille

På tide med
nye briller?



Velkommen til
Interoptik Ness

Les mer her

interoptik
Optiker Ness



Foto: Oda Sundgot

Spenstig suksess for sjølvbetent

LEIAR



Hallingdølen meiner

Publisert: 24.10.2024 04:03



Fire nærbutikkar i vårt område er no sjølvbetent utanom opningstida. Både i Tunhovd, Hovet, Leveld og på Torpo har dei teke steget. Det lokale samlingspunktet har vorte endå meir tilgjengeleg.

Torpo er nykommaren. Der er drifta organisert slikt at det blir betent butikk færre timar i døgnet enn tidlegare. Til gjengjeld kan kundane låse seg inn med bankkortet døgnet rundt.

Artikkelen held fram under annonsen.

ANNONSØRINNHALD

SpareBankstiftelsen
HALLINGDAL



Sparebankstiftelsen Hallingdal bevilget 200 000,- i støtte

Samarbeid mellom idrettslagene resulterte i opprettelse av E-sportssenter på Torpomoen

LES OGSÅ

No kan dei handle akkurat når dei vil: - Dei som installerte skiltet trudde me hadde skrive feil



Tilbudet er ikkje heilt på sjølvstyr. Kamera gir tilsette på heimevakt høve til både å passe butikken, og til å vegleie kundane. Fjernstyrt butikk, er nok meir presist, enn ubetent.

Døgnet rundt er eit begrep som lett kallar på fliren. Kven treng hushaldningsfløyte eller pizza klokka tre om natta? Bortsett får ungdom som får ein raptus og må ete grandis, er det kanskje ikkje så mange. Men nokon er det, og dei har eit behov. Folk jobbar til ymse tider, og heller ikkje i Hallingdal er natta så stille som den var for femti år sidan.

Hyttefolket er ei annan viktig kundegruppe. Dei fire butikkane ligg gunstig plassert inn mot store hytteområde. Mange i desse områda har gjerne endå lengre køyreavstand til alternativ med kveldsopent. Og ikkje minst; hyttefolk støttar gjerne opp om tilbod i næraste grend.

Bygdefolket er truleg likevel den viktigaste kundegruppa. For dei er nærbutikken ein viktig treffstad. Bygder og grender utan butikk er stusslegare, enn bygder som har dette tilbudet.

LES OGSÅ

Døra til butikken står open heile døgnet: - Stolar blindt på alle mine kundar



Regjeringa har dette året løyvd nesten 70 millionar kroner til denne forma for utvikling og omstilling av nærbutikkar. Målet er å styrke butikktilbodet i distrikta, og det er då også Kommunal- og distriktsdepartementet som styrer butikken. Også enkelte bokhandlar, med god kvalitet, er omfatta av programmet som har fått namnet Merkur.

Kundar som er uvant med butikk utan betening, kan fort føle at dei har landa på ein annan planet når de kjem inn i ein butikk, som er med i Merkur-programmet. Det er då også slik at det eigentleg er få stader på denne kloden der det er råd å drive butikkar på dette viset. I dei fleste land i verda ville svært tomme butikkhyller fort blir resultatet.

Sett ut mot verda omkring oss så er det truleg me som er på ein annan planet. Døgnopne butikkar, utan betening i lokalet, er rett og slett det norske tillitssamfunnet på sitt vakraste.